

Sunnmøringen

Ansvarleg redaktør/dagleg leiar
Johan Behrentz

Utgjevingdag: Torsdag

Utgjevar Sunnmøringen AS.

Medlem i Landslaget for Lokalaviser

aktuelt

TIPS OSS: telefon 70 26 11 22 e-post: post@sunnmoringen.no sms og mms: 90 20 12 28

LEIAR

Strynefjellsvegen
og NTP

Det er svært positivt for heile Sunnmøre at eit fleirtal i Transport- og kommunikasjonskomiteen har fått Strynefjellsvegen inn att i Nasjonal Transportplan (NTP). Men kor forpliktande er det?

Det er tverrpolitisk semje om at noko må gjerast for å ruste opp den viktige livsnerven for næringslivet mellom Austlandet og Nordfjord/Sunnmøre. Det går på tryggleiken laus når dei gamle tunnelane ikkje blir haldne ved like. Fagekspertisen har etter årevis i tenkjeboksen funne gode alternativ som også omfattar ei sidegrein til Geiranger.

Det skulle berre mangle at ikkje ein heilårsveg til Geiranger blir tatt med når den nye Strynefjellsvegen blir planlagt. Geiranger treng det, og reiselivsnæringa i Norge treng det. Verdsarvområdet er like spennande sommar som vinter. Vinteren byr på ein villskap i fjordstroka som turistar vil vite å setje pris på.

I dag må Geiranger på mange måtar gå i dvale når vinteren stenge vegen austover. Mindre aktivitet aukar heller ikkje bulysta for unge som treng arbeid. Folketalet minskar. Det siste verdsarvområdet treng er fråflytte bygder. Det svært positivt at rassikringa på fylkesveg 63 mellom Indreeide i Norddal og Korsmyra i Stranda er sikra og kjem i gang allereie i 2018. Det gjer pendlinga tryggare og sikrar open veg ut av bygda heile året.

Det som monnar er ein heilårsveg austover og sørover. Sjølv om det er positivt at Strynefjellsvegen blir nemnd i neste NTP, må det følgjast opp med forpliktande avtalar for oppstart. Helst skulle vi ha sett at den nye Strynefjellsvegen blir sett i arbeid tidleg i andre vegplanperiode, seinast i 2024. Det vil også opne ei ny verd for Geiranger og opne opp verdsarvområdet på ein måte som det fortener.

●● Vinteren byr på ein villskap i fjordstroka som turistar vil vite å setje pris på

● Framtida for norsk landbruk i debattmøte

Meiner ein må
satse på «frå
jord til bord»

Leiar i Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, oppmodar Stranda-bøndene til å tenke heile verdikjeda for mat.

Det kom fram på eit møte i regi av tanksmia Agenda, som vart arrangert på kulturhuset tysdag kveld. Vel åtti strandarar møtte fram til møtet, som hadde temaet «Verdien av norsk mat».

Tanksmia Agenda omtaler seg sjølv som partipolitisk uavhengig, men med ambisjon om å forme ny politikk for sentrum/venstre.

Trygg mat viktigast

Marte Gerhardsen leia møtet, og presenterte tal frå ei spørjeundersøking dei hadde gjort om nordmenn si oppfatning av norsk landbruk.

– Den viktigaste faktoren er at maten er trygg. Det er alle samde om, uavhengig av kjønn og

partitilknytning. 91 prosent er òg heilt samde om at det er viktig å produsere mat i Noreg, sa ho.

Rose Bergslid er rådgivar i Norsk senter for økologisk landbruk, og påstod at ein generelt ikkje evnar å sjå totalverdien av norsk landbruk.

– Dette gjeld verdien for bygdene sjølve, og verdiskapinga som skjer. Om ein ser på utviklinga i drift frå perioden 1999 til 2016, er det i Ørsta og Volda ein nedgang på 15.000 dekar i perioden, sa ho.

– Vi treng den store bonden, og vi treng den vesle bonden. Vi treng både heiltidsbønder og deltidbønder, sa Bergslid.

Eivinn Fjellhammer, prosjekt-leiar i AgriAnalyse, meinte at ein i for liten grad verdset samspelet mellom landbruket og næringsmiddelindustrien.

– Det er 90.000 arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien og i landbruket, og næringsmiddelindustrien omset for 205 milliardar i året. Dette hadde vore

utenkeleg utan å ha tollvernet i botn, sa Fjellhammer.

Grunn til uro

Fjellhammer seier at det er grunn til uro over utviklinga i norsk landbruk.

– Kvart år forsvinn jord tilsvarende 70.000 fotballbaner ut frå aktiv driving. Dette skuldast utbygging, men òg at bruka blir liggande brakke. Tidlegare tok ein ut den skrinnaste jorda, no blir gardsbruk liggande brakke fordi ingen overtar, seier Fjellhammer.

Det poenget vart demonstrert i innlegg frå salen.

– I mi heimbygd Hareid, er det ein bonde igjen. Når han sluttar er det ikkje lenger landbruk igjen i bygda, sa Petter Hjørungdal.

– Sjå mot Røros

Arne Sandnes, ordførar i Norddal for Senterpartiet, understreka igjen i eit innlegg kor viktig det er å ta vare på kultur-

Strynefjellsvegen i NTP

Strynefjellsvegen var heilt ute av Nasjonal Transportplan (NTP). No er det fleirtal på Stortinget for å få vegen inn igjen i planen.

Transport- og kommunikasjonskomiteen la måndag fram si innstilling i saka.

Fleirtalet av medlemmane – Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre

ønsker ein rask konklusjon for strekninga, så prosjektet er aktuelt for neste rullering av NTP – om fire år.

Det siste anslaget for kostnader ved opprusting av Strynefjellsvegen, er på fire milliardar kroner.

Fleirtalet av komiteen går òg inn for trase B1, kor ein har lang tunnel med mogleg fylkesveg arm til Geiranger.

RENATE FURRE HENRIKSEN-SANDVÆR
renate@sunnmoringen.no



TUNNELARM: Strynefjellsvegen med arm til Geiranger er igjen inne i NTP. ILLUSTRASJON

NÅ **-30%** på Zip-screen til 17.06.
kjells markiser
MARKISER PERSIENNER SCREEN INTERIØR
GRATIS befarings/tilbud: 815 00 570 - kjellsmarkiser.no